

## Trafikkplan for Nærbø ungdomsskule

*Nærbø ungdomsskule følger Trygg trafikk sine krav for ein trafikksikker skule og er forankra i mål frå læreplanen. Dette er omtala til slutt i denne planen.*

**Planens mål** er å ivareta elevane på skulen når det gjeld ferdsel i trafikken - anten på veg til eller frå skulen - eller på turar i samband med undervisning. Planen gjeld alle elevar enten dei går, sykklar eller blir køyrt.



### KORT OM NÆRBØ UNGDOMSSKULE

Nærbø ungdomsskule har 283 elevar og ca 45 tilsette.

Skulen ligg i Nærbø sentrum nært Nye Loen (idrettsanlegg), og de fleste elevane må kryssa Torlandsvegen eller Bernervegen for å koma inn på skuleområdet. Begge vegene er forholdsvis trafikktett, og fartsgrensa er 50 km/t og 40 km/t. Det er fleire fotgjengerfelt over vegene til skulen..

Når elevane skal på tur, må dei anten gå til fots eller bruke eigen sykkel. Me nyttar og kollektiv transport som tog og buss.

Dei fleste elevane bur på Nærbø, og dei går eller sykklar til skulen.

På dei fleste stadane har kommunen sikra skulevegen med gang- og sykkelsti, eller fortau. Det er tilstrekkeleg med fotgjengerovergangar på skulevegen.

FAU er ein viktig medspelar for skulen i gjennomføring av planen. Me går gjennom planen i FAU på hausten kvart skuleår.

**Postadresse:**  
Torlandsvegen 2  
4365 Nærbø

**Kontoradresse:**  
Torlandsvegen 2  
4365 Nærbø

**Internett:**  
[www.ha.no/nus](http://www.ha.no/nus)  
[post.narbo.ungdomsskule@ha.kommune.no](mailto:post.narbo.ungdomsskule@ha.kommune.no)

**Telefon:**  
51 43 60 30

**Telefaks:**

**Org.nr.**  
964969590

## RETNINGSLINJER FOR TURAR

Generelt gjeld:

- Hjelm: Alle elevar og vaksne skal nytte hjelm på sykkelturar i regi av skulen.

### Turar til fots

Det er alltid med minst 2 ansvarleg vaksne med klasse (på over 15 elevar) på tur. Desse er godt synlege for alle. Det skal vera ein vaksen fremst og ein vaksen bak elevane. På turar skal det alltid vera med minst ein mobiltelefon og førstehjelpsutstyr.

Elevane skal gå på venstre side av vegen og på fortau der dette er tilgjengelig. Ved kryssing av veg skal me alltid bruka gangfelt der dette er tilgjengeleg.

Elevar skal alltid teljast før tur og før retur til skulen. Hvis skuledagen avsluttast ved turdestinasjon, må dette være avklart med foreldre på førehand. I så fall overtar heimen det formelle ansvaret for elevens ferdsel heim.

### Turar på sykkel

Det er alltid med minst 2 ansvarleg vaksne med klasse (på over 15 elevar) på tur, der ein sykler fremst og ein sykklar bakerst. Her er det viktig at begge har mobiltelefon og kan varsle hvis det skulle oppstå ein situasjon.

Dei vaksne skal ha med førstehjelpsutstyr. Det kan være lurt å ha med sykkelpumpe, smøreolje og sykkelverktøy.

Alle skal ha sykkelhjelm og syklane skal vera i forskriftsmessig stand. Skulen har ekstra hjelmar for utlån. Elevane skal sykle på rekke. Ein ansvarleg vaksen sykklar fremst og ein sykklar bakerst. Lærarane har på refleksvest.

Elevane skal vera kjent med sykkelruten på førehand, med dei utfordringar og omsyn som må takast. I sentrum, når det er mykje trafikk, skal elevane trille sykkelen over alle gangfelt.

Elevane skal oppføra seg som kjørande og kjenne til trafikkreglar og vikepliktsregelen spesielt. Elevane held avstand til sykkel foran og sykler ut i grøfta hvis de får problemer av teknisk art og venter på siste vaksne.

Elevar som ikkje har sykkel i forskriftsmessig stand, eller ikkje vil bruka sykkelhjelm, kan ikke delta på tur.

Elevar skal alltid teljast før tur og før retur til skulen. Hvis skuledagen avsluttast ved turdestinasjon, må dette være avklart med foreldre på forhånd. I så fall overtar heimen det formelle ansvaret for elevens ferdsel heim.

### Turar med buss og tog

Lærar har ansvaret for å sjå til at alle bruker bilbelte på buss. Elever skal gå av/på både buss og tog i ordna flokk. Lærar tel elevane for å sikre at alle er gått på/av buss/tog.

---

<b>Postadresse:</b> Torlandsvegen 2 4365 Nærbø	<b>Kontoradresse:</b> Torlandsvegen 2 4365 Nærbø	<b>Internett:</b> <a href="http://www.ha.no/nus">www.ha.no/nus</a> <a href="mailto:post.narbo.ungdomsskule@ha.kommune.no">post.narbo.ungdomsskule@ha.kommune.no</a>	<b>Telefon:</b> 51 43 60 30	<b>Telefaks:</b>	<b>Org.nr.</b> 964969590
--	--	---	--------------------------------	------------------	-----------------------------

## Bruk av privatbilar

Skulen nyttar i liten grad privatbilar ved turar. Viss det er nødvendig å bruka privatbil, skal skulen innhenta skriftleg samtykke i forkant.

*Stader skulen ofte dreg på tur til vert vurdert av lærar i forkant. Døme på vurdering:*

Hvor	Hvordan	Vurdering av ruta
Bodle	Gå/sykla	Sikker veg med sykkelsti ned til Sør-Varhaug. Sør//Nord-Varhaugvegen er 4-5 meter brei, utan fortau/sykkelsti, utan lys og fartsgrensa er 80 km/t. Men det er relativt lite trafikk og siktforholda er gode.

## Ulykker på tur

Ved alvorlige ulykker ringer me 113 og administrasjonen, som igjen varslar pårørande i samsvar med kriseplanen til skulen. Ivareta elevenes sikkerhet og trygge ulykkessted.

Ved mindre alvorlige uhell/ulykker varslar me administrasjon/ foreldre som saman vurderer vidare tiltak.

Ved legebesøk skal me fylla ut RTV-skjema og senda til NAV.

Ved alle uhell skal foreldre/foresatte varslast.

## SAMARBEID MED FORELDRE OG FØRESETTE

Nærbø ungdomsskule skal legge til rette for eit godt samarbeid med foreldre og føresette om elevane sitt læringsmiljø. Ein del av læringsmiljøet er og skulevegen, skulegarden og skulen sitt nærmiljø.

### Tema på foreldremøter ved skulestart:

- Skulevegen og gode haldningar i forhold til oppførsel langs vegen, på haldeplassen og rundt skulen sitt område
- Bruk av sykkelhjelm på turar og på skulevegen
- Rutinar på turar i skuletida
- Foreldre som rollemodeller
- Opplysning om valfaget trafikk

## FORANKRING:

### Nærbø ungdomsskule byggjer på Trygg trafikk sine krav for ein trafikksikker skule:

#### Trafikktryggleik i skulen

- Skulen gir, i samarbeid med FAU, anbefalinger til føresette om sykling til skulen.
- Skulen har rutiner for å ivareta sikkerheten på turer til fots, på sykkel, i bil og med kollektivtransport i regi av skulen.
- Skulen har gode rutiner for at planane blir fulgt av dei tilsette..

#### Trafikkopplæring i skulen

- Skulen har integrert trafikkopplæring i lokal læreplan/ årsplan i tråd med kompetansemål i Kunnskapsløftet.

#### Samarbeid mellom skule og heim

- Skulen sin læreplan for trafikk er årleg tema på foreldremøte.
- Foreldre blir involvert i trafikksikkerhetsarbeid på skulen, til dømes gjennom FAU.

## Forankring i lokal læreplan

Kompetansemål i naturfag, Kunnskapsløftet, R-2006:

#### Etter 10. trinn

*Elevane skal gjere greie for korleis utstyr for trafikktryggleik hindrar og minskar skader ved uhell og ulykker.*

#### Kva er utstyr om trafikktryggleik?

Utstyr om trafikktryggleik delast inn i skadereduserande utstyr (hjelm og belte) og utstyr som førebygger ulykker (refleks).

Å gjere greie for korleis utstyr om trafikktryggleik hindrar og minskar skader, vil i naturfag bety lærestoff om:

- Menneskets føresetnad (kva ein kropp kan tåle)
- Naturfaglege omgrep (kraft, akselerasjon, støttid)
- Berekningar (fart)
- Drøftingar (korleis vi kan unngå og minke skader)

## Døme: Arbeid med grunnleggjande dugleik i naturfag – med trafikk som tema

### Å kunne uttrykke seg munnleg og skriftleg:

- Argumentere for bruk av tryggleiksutstyr og gi konstruktive tilbakemeldingar til medelevar
- Beskrive eigne opplevingar og observasjonar av korleis hjelm, belte og refleks fungerer
- Å skrive rapportar frå eksperiment og forsøk med hjelm, belte og refleks
- Formulere spørsmål og hypotesar om kreftene ved ein kollisjon

### Å kunne lese:

- Å lese og forstå oppgåvetekst om hjelm, belte og refleks
- Å finne informasjon om trafikktryggleik på ulike nettstad, i aviser og læreverv
- Å lese og reflektere over ein ulykkesstatistikk

### Å kunne regne:

- Å bruke og forstå matematiske omgrep om trafikk (strekning, tid, masse, fart, akselerasjon, kraft)
- Å bruke formlar for å gjere berekningar om forsøk om hjelm, belte og refleks
- Å tolke resultat frå eigne berekningar og kunne sette desse inn i ein større samanheng
- Å gjere lokale undersøkingar, til dømes å undersøke hjelmbruk ved eigen skule, og bruke data til å lage statistikk

### Å kunne bruke digitale verktøy:

- Å bruke excel til å sette opp statistikk etter teljingar eller gjere berekningar i forhold til fart og krefter.
- Bruke ulike nettsted for dokumentasjon, informasjon, publisering, opplæring og visualisering.

Læringsmål	Aktivitetsforslag	Vurdering
<p>Eleven drøfter forskjellen på utstyr som førebygger skadar og utstyr reduserer skader, og kan med naturfaglige omgrep forklare korleis dei er konstruert, fungerer og skal brukast.</p> <p>Eleven argumenterer og reflekterer over korleis bruk av tryggleiksutstyr er viktig i trafikken. Viser at dei forstår konsekvensar og trekker parallellar til anna tryggleiksutstyr.</p> <p>Eleven reflekterer over eigen og andre sin bruk av hjelm, belte og refleks. Viser risikoforståing og vilje til bruk av tryggleiksutstyr i alle situasjonar. Er bevisst si rolle som forbilde.</p>	<p>Se forslag til oppgåver på <a href="http://tryggtrafikk.no/skole">tryggtrafikk.no/skole</a>:</p> <p>Korleis verkar sykkelhjelm.</p> <p>Sjå filmar og gjere oppgåver.</p> <p>Undersøke kor mykje eit egg tåler når det har på «sykkelhjem». Gjer forsøk med eit egg i ein eggjelm.</p> <p>Film og argumentasjonsoppgåve om bruk av bilbelte Korleis skal bilbelte sitte? Film og oppgåver.</p> <p>Sjå refleksfilm på Trygg Trafikk sin youtube-kanal og gjennomføre testing av refleks. La om mogleg elevane lage egne refleksar.</p>	<p>Munnlege tilbakemeldingar.</p> <p>Munnleg prøve.</p> <p>Elevforsøk – rapportskriving.</p> <p>Samtaler der elevar reflekterer over eigen og andre sin åtferd i trafikken.</p> <p>Elevforsøk – rapportskriving.</p>

Planen er revidert av Linda Hadland Forsmo august - 2020

# God tur :-)